

<b>Hardanger folkemusikksamling. Endringsframlegg for vedtekter nov.2023</b>	
<i>Gjeldande vedtekt</i>	<i>Framlegg til endra vedtekt</i>
<p style="text-align: center;">§ 1</p> <p>Hardanger folkemusikksamling (HFS) er eit samarbeidstiltak mellom Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen Spel og Dansarlag, Hordaland Ungdomslag og Hardanger folkemuseum. HFS har som føremål å samla inn og ta vare på folkemusikk- og folkedanstradisjon frå Hardanger, og formidla kunnskap om desse tradisjonane til interesserte brukargrupper.</p>	<p style="text-align: center;">§ 1</p> <p>Hardanger folkemusikksamling (HFS) er eit samarbeidstiltak mellom Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen Spel og Dansarlag, Hordaland Ungdomslag og Hardanger folkemuseum. HFS har som føremål å samla inn og ta vare på folkemusikk- og folkedanstradisjon frå Hardanger, og formidla kunnskap om desse tradisjonane til interesserte brukargrupper.</p>
<p style="text-align: center;">§ 2</p> <p>Høgste avgjerdsmyndighet har eit råd som er samansett slik:</p> <p>1 medlem med personleg varamedlem valde av styret for Hardanger folkemuseum.</p> <p>1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet for Hardanger Spelemannslag.</p> <p>1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet Kvemmingen Spel og Dansarlag.</p> <p>1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet Hordaland Ungdomslag.</p> <p>Rådet har kvart år eit årsmøte innan utgangen av mars, og møtest elles så ofte som leiar i rådet finn det påkrevd. Omfram årsmøte kan kallast inn når styret hjå ein av dei fire hovudinteressantane krev det. Alle møta i rådet skal kallast inn med minst 1 veker varsel. Ved avrøysting som gjev likt røystetal tel formannsrøysta dobbelt. Funksjonstida for medlemmene er 3 år. Valet skal ordnast slik at eitt medlem står på val kvart år.</p>	<p style="text-align: center;">§ 2</p> <p>Høgste avgjerdsmyndighet har eit styre som er samansett slik:</p> <p>1 medlem med varamedlem utpeikt av Hardanger folkemuseum.</p> <p>1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet for Hardanger Spelemannslag.</p> <p>1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet for Kvemmingen Spel og Dansarlag.</p> <p>1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet for Hordaland Ungdomslag.</p> <p>Styret har kvart år eit årsmøte . Årsmøtet bør haldast innan utgangen av mars, men ikkje før laga har hatt sine årsmøter. Styret møtest elles så ofte som leiar i styret finn det nødvendig. Omfram årsmøte kan kallast inn når styret hjå ein av dei fire eigarane krev det. Alle møta i styret skal kallast inn med minst 1 veker varsel. Ved avrøysting som gjev likt røystetal tel leiaren si røyst dobbelt. Funksjonstida for medlemmene er 2 år. Medlem og varamedlem frå Hardanger spelemannslag er på val i partalsår, medlem og varamedlem frå Kvemmingen spel og dansarlag og Hordaland ungdomslag er på val i oddetalsår. Styret konstituerer seg sjølv på årsmøtet.</p>
<p style="text-align: center;">§ 3</p> <p>Rådet er sett saman av 4 medlemmer frå kvar av dei fire hovudinteressantane. I tillegg har den som til ein kvar tid har sekretærfunksjon møte og talerett i rådet, men ikkje røysterett. Rådet for HFS har som oppgåve:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Å fastsetja føresegner for gjennomføring av opppgåvene i HFS</li> <li>b) Å godkjenna årsmelding, rekneskap og budsjettframlegg</li> <li>c) Å velja leiar og varaleiar i rådet</li> </ol>	<p style="text-align: center;">§ 3</p> <p>Styret er sett saman av 4 medlemmer , ein frå kvar av dei fire eigarane. I tillegg har den som til ein kvar tid har sekretærfunksjon møte og talerett , men ikkje røysterett. Styret for HFS har som oppgåve:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Å godkjenna årsmelding, rekneskap og budsjettframlegg, og fastsetja arbeidsprogram</li> <li>b) Å velja leiar og nestleiar i styret</li> <li>c) Å ta avgjerd om revisjonsordning.</li> </ol>

<p>d) Å ta avgjerd om revisjonsordning.</p> <p>e) Å ta avgjerd i saker som vert lagt fram for styret.</p> <p>f) Å gjennomføra dei tiltak det vert gjort vedtak om.</p> <p>g) Å ha ansvar for samlinga og sjå til at bruken av samlinga er i samsvar med føresegnene.</p> <p>h) Å engasjera den ekstrahjelp som budsjettet gjev rom for</p> <p>Punkt b-f skal handsamast på kvart årsmøte.</p>	<p>d) Å ta avgjerd i saker som vert lagt fram for styret.</p> <p>e) Å gjennomføra dei tiltak det vert gjort vedtak om.</p> <p>f) Å ha ansvar for samlinga og sjå til at bruken av samlinga er i samsvar med arbeidsprogrammet.</p> <p>g) Å engasjera den ekstrahjelp som budsjettet gjev rom for</p> <p>Punkt a-e skal handsamast på kvart årsmøte.</p>
<p style="text-align: center;">§ 4</p> <p>Endring av vedtektene kan gjerast av rådet på eit årsmøte, viss <math>\frac{3}{4}</math> av medlemmane går inn for endringsframlegget. Framlegg om vedtekstendring må vera rådet i hende innan 31.12 året før det aktuelle årsmøtet.</p>	<p style="text-align: center;">§ 4</p> <p>Framlegg til endring av vedtektene kan gjerast av styret på eit styremøte. Viss <math>\frac{3}{4}</math> av medlemmene går inn for endringsframlegget kan det fremjast for eigarane til godkjenning.</p>
<p style="text-align: center;">§ 5</p> <p>HFS kan oppløysast viss eit fleirtal på <math>\frac{3}{4}</math> i rådet går inn for slik vedtak på årsmøtet to år på rad. Vedtak om oppløysing må også godkjennast av styret for Hardanger folkemuseum og årsmøta i Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen Spel og Dansarlag og Hordaland Ungdomslag etter andre gongs vedtak. Samlingane skal i så fall forvaltast av Hardanger folkemuseum og nyttast i samsvar med intensjonane for Hardanger folkemusikksamling.</p>	<p>§5</p> <p>Vedtektene gjeld frå den dato dei er godkjende av Hardanger folkemuseum og årsmøta i Hardanger spelemannslag, Kvemmingen spel-og dansarlag og Hordaland ungdomslag.</p>
<p style="text-align: center;">§ 6</p> <p>Vedtektene gjeld frå den dato dei er godkjende av styret for Hardanger folkemuseum og årsmøta i Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen Spel og Dansarlag og Hordaland Ungdomslag.</p>	<p style="text-align: center;">§ 6</p> <p>HFS kan oppløysast viss eit fleirtal på <math>\frac{3}{4}</math> i årsmøtet går inn for slik vedtak på årsmøtet to år på rad. Vedtak om oppløysing må også godkjennast av styret i Hardanger og Voss museum og årsmøta i Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen Spel og Dansarlag og Hordaland Ungdomslag etter andre gongs vedtak. Ved oppløysing skal samlingane i så fall forvaltast av Hardanger folkemuseum og nyttast i samsvar med intensjonane for Hardanger folkemusikksamling.</p>